



ANDREAS SCHOLL
RADØYVEGEN 430
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:

Dykkar: 88e7105b-32f2-4dc8-8754-
b84c1ca983eb

Vår: 19/1136 - 19/13271

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

29.04.2019

Tillatelse til endret/utvidet bruk av avkjørsel - gbnr 140/40 Erstad

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 140/40

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Saka gjeldt søknad om endra bruk av avkjørsel til kommunal veg for 1 bustadeining, datert 8. april 2019.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Bustaden skal omgjerast frå fritidsbustad til heilårsbustad og det er behov for stadfesting og løyve til avkøyning frå kommunal veg kv1103, Erstadvegen i Lindås kommune.

Vurdering/drøfting:

Lindås kommune, vegavdelinga, har vore på synfaring saman med tiltakshavar den 8. april 2019.

Det er litt dårlig sikt oppover Erstadvegen, mot høgre, sett frå bil på veg ut av avkøyrsla. Dette kan betrast ved å fjerne noko vegetasjon, flytte kommunal «strøsandkasse» og pigge litt av knausen mellom kommunal veg og avkøyrsla.

Det er høve til å snu bil inne på eigdommen slik den ligg i dag. Denne snumuligheten må ikkje byggjast ut. Tiltakshavar skulle og sjå løysingar for overvatn då det ved nedbør går ein bekk langs vegen opp til bustaden.

Samandrag/konklusjon:

Det vart konkludert med at dersom tiltakshavar betra for sikta oppover mot høgre og ikkje fører overvatn ut i den kommunale vegen, kan det bli gitt avkøyringsløyve.

Vedtak:

kommune gjev løyve til utvida/endra bruk av eksisterande avkøyrsel til kommunal veg med heimel i veglova

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



§§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «almennelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.
- Det må opparbeidast tilfredstillande sikt frå avkjørsla som skildra under saksutgreiinga.
- Det må leggjast til rette for overvatn slik at vatn ikkje renn direkte ut i kommunal veg frå den private vegen og bekk langs denne vegen opp til huset.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

ANDREAS SCHOLL

RADØYVEGEN 430 5938

SÆBØVÅGEN